

Dalsmarken – Søknad om kommunal stønad Til: Tokke kommune **Frå:** Dalsmarken arbeidsgruppe **Dato:** 21.08.25

Søknad om stønad til Dalsmarken

Dalsmarken er eit årleg arrangement som samlar bygdefolk og tilreisande til ei helg fylt med aktivitetar, underhaldning og fellesskap i Tokke sentrum. Arrangementet har blitt ein viktig kulturarena og sosial møteplass, og me ynskjer å vidareføre og styrke dette initiativet.

Me søker med dette om økonomisk stønad frå Tokke kommune for å dekke kostnader knytt til underhaldning, aktivitetar og fest under Dalsmarken.

Kostnadsoversikt

- Band, scene, lyd og lys: Frå kr 100 000
- Andre utgifter (dugnad, TONO, Securitas, diverse): Frå kr 100 000
- Barneunderhaldning/aktivitetar: Frå kr 50 000
- Honorar til arbeidsgruppa, regneskapsfører, forsikring, nattevakter, mobil, marknadsføring, osv: Frå kr 100 000

Totale kostnader:

- Frå kr 350 000

Inntekter

- Standleige: kr 20 000–25 000
- Sponsorar: kr 25 000
- Billettsal: varierer sterkt etter oppmøte og vær

Totalt resultat for Dalsmarken

- 2023: kr +155 000
- 2024: kr –35 000
- 2025: kr +390 000

Behov for stønad

For å sikre at arrangementet kan gjennomførast med god kvalitet og tryggleik, søker me om stønad på kr 300.000 til å dekke kostnadane. Etter ei vurdering så har me eit ynskje om fortsette med gratis inngang for publikum. Dette vil bidra til å oppretthalde eit

inkluderande og attraktivt arrangement som kjem heile kommunen til gode.

Stønad frå kommunen er ein viktig del av sikkerheita for å kunne arrangere Dalsmarken, det gjev oss ein tryggleik som gjer at me kan dekke uforutsette utgifter, investeringar og sjølvstekt dekke tap når vêret ikkje spelar på lag. Med ei sikker inntekt vil ikkje inntekter og utgifter i sentrum påverkast i så stor grad når ein ikkje har inngangspengar.

Inngangspengar har gitt Dalsmarken inntekter på ca 100 000 – 130 000, med rundt 40 000 i utgifter.

Med venleg helsing

Markens komiteen